

TENESTESTANDARD PRAKTISK BISTAND OG OPPLÆRING (heimehjelp – miljøarbeid) – INFORMASJON OG VEGLEIING TIL SØKJAR

Beskriving:

Du kan søkje om praktisk bistand og opplæring (heimehjelp eller miljøarbeid) om du treng bistand til planlegging og gjennomføring av daglege gjeremål, reinhald, økonomistyring, innkjøp, personleg stell og sosiale aktivitetar. Det er kommunen som i samarbeid med deg avgjer kva for tenester du får.

Målet er at du

- Deltar i utføring av oppgåvene i den grad det er mogleg
- Aukar eller held vedlike funksjonsnivå
- Kan halde fram med å leve eit sjølvstendig liv i eigen bustad

Vilkår:

Du har krav på bistand viss

- du ikkje kan dra omsorg for deg sjølv eller er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp for å greie dagleglivets gjeremål.
- du har eit særleg hjelpebehov grunna sjukdom, funksjonshemming, alder eller anna.

Tildeling av hjelp er lovregulert og hjelp vert gitt ut frå individuell vurdering og enkeltvedtak.

Føresetnader:

- Det ligg føre søknad/henvending frå deg/pårørande/helse og omsorgspersonell
- Søkjar er busett i kommunen
- Må ha særskild hjelpebehov på grunn av varig sjukdom og/eller funksjonshemming (meir enn 3 mnd). Kravet til varigheit kan i enkelte høve fråvikast.
- Omfang og type hjelp vert også vurdert ut frå om ein bur saman med andre – og kva desse kan utføre av dei aktuelle oppgåvene.
- At søkjar ikkje kan utføre husarbeid ved å ta tida til hjelp og/eller ved bruk av ulike hjelpemiddel.

Desse forholda vert vurdert og spesielt vektlagt:

- Treng bistand til strukturering og gjennomføring av oppgåver i heimen
- Treng hjelp til reingjering av rom som er i dagleg bruk
- Treng hjelp til tilrettelegging av måltid, evt handling/bestilling av matvarer
- Treng hjelp til vask av tøy
- Treng hjelp til personleg hygiene
- Treng hjelp til innkjøp og økonomistyring.
- Treng bistand for å oppretthalde og/eller vidareutvikle sitt sosiale nettverk/aktivitetar

Føresetnadane og minst eit av punkta som vert spesielt vektlagt må vere innfridd før vedtak om tildeling av tenester.

Føregående punkt er ei rettesnor til bruk for sakshandsamar ved vurdering og tildeling av tenester. Kvar søknad vert vurdert individuelt og endeleg vedtak om tenester kan av den grunn avvike frå denne.

Tenesta sitt omfang:

- Tenestetilbodet er avgrensa til *ordinært* reinhald og arbeid i rom som er i dagleg bruk av tenestemottakar.
- Tenestetilbodet er avgrensa til oppgåver brukar sjølv, evt. andre i husstanden, ikkje kan utføre.
- Hjelpar skal (med utgangspunkt i vedtak om tildeling av tenester) utføre oppgåver som er eit minimum for å kunne halde fram med å bu i eigen bustad.
- Reingjering vert som hovudregel utført kvar 2.veke. Ut frå individuelle vurderingar kan det vere aktuelt med hyppigare reinhald – t.d. for personar med astma/ allergiproblem
- Klesvask vert berre utført i vaskemaskin.
- Matvarer blir bestilt pr tlf og køyrd ut frå/av butikken der dette er mogleg.
- Det vert som hovudregel ikkje laga middag, men ferdigmat kan varmast.

Prisar og betaling

- Brukar betaler for tenestene ut frå gjeldande takstar, jfr. kommunen sitt taksthefte
- Det skal ikkje betalast for hjelp til personleg stell (stå opp, toalettbesøk, av-/påkledning osv).
- Rekning vert utsendt kvar månad.

Anna:

- Det vert ikkje utført praktisk bistand på helligdagar/after etter kl. 12.00. Tildelte timar som fell på "raude dagar" kan i enkelte tilfelle og etter individuell vurdering erstattast med timar ein annan dag.
- Kommunen sine tilsette har ikkje høve å utføre praktisk bistand i heimen utan at bebuar er til stades.
- Brukar må medverke til at tenesteytar har eit forsvarleg arbeidsmiljø med tanke på fysisk belastning, romtemperatur, husdyr, røyk m.m.
- Brukar må ha til rådvelde naudsynt utstyr som lettar og effektiviserer arbeidet – t.d. heilautomatisk vaskemaskin, godt fungerande støvsugar, reine og tenlege klutar, langkost/mopp.
- Brukar må syte for at privat veg er brøyta og strødd slik at tenesteytar kjem fram til heimen.
- Tenesteytar har ikkje høve å ta imot gåver.